



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	4/17
Møtedato:	27.9.2017
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 16:35
Møtestad:	Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr:	23/17 – 31/17
Møteleiar:	Oddvar Hoksnes (Krf)
Møtande medlemmer:	Ole Rakvåg, nestleiar (H) Håkon Inge Sporsheim (Frp)
Forfall:	Oddbjørg Sporsheim (V) Wilhelm Andersen (Ap)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Jørgen Svenheim (Sp)
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Veslemøy Ellinggard, daglig leder Møre og Romsdal Revisjon IKS (sak 25/17-27/17)
Av øvrige møtte:	Bernhard Riksfjord, ordførar (OS 17/17) Geir Göncz, fungerande rådmann, (OS 17/17) Ingunn Misund, personalkonsulent, (OS 17/17) Mette Gjerde Helset, hovudverneombod (OS 17/17) Geir Dagfinn Varhaugvik, medl. AMU (OS 17/17) Sissel Garseth, medl. AMU (OS 17/17) Oddny Sporsheim, tidl. leiar. AMU (OS 17/17) Erna Varhaugvik, økonomisjef, (sak 27/17) Yngve Cappelen, leder for Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide (OS 19/17)

Utvallsleiar Oddvar Hoksnes ønska velkommen og leia møtet.

Det vart framsett forslag om endring i rekkefølge på behandling saker: OS 17/17 og OS 19/17 vert handsama først i møtet.

Innkalling og sakliste med desse endringane vart godkjent.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 23/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14. JUNI 2017
PS 24/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 25/17	KOMMUNIKASJONS-/REVISJONSPLAN 2017
PS 26/17	PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «OFFENTLIGE ANSKAFFELSER I AUKRA KOMMUNE»
PS 27/17	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT PR. 31.08.17

PS 28/17	BUDSJETTFORSLAG FOR 2018 FOR KONTROLL OG TILSYN
PS 29/17	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019
PS 30/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 31/17	EVENTUELT

PS 23/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 14. JUNI 2017
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 14. juni 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Ole Rakvåg
2. Jørgen Svenheim

Kontrollutvalet si handsaming

Ole Rakvåg og Jørgen Svenheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 14. juni 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

PS 24/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

RS 11/17	Årsmelding 2016 Kommunerevisjonsdistrikt 2.
RS 12/17	Protokoll frå styremøte i Kommunerevisjonsdistrikt 2, 26.6.2017 .
RS 13/17	Protokoll frå representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS, 15.6.2017.
RS 14/17	Protokoll frå styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, 4.9.2017.

- RS 15/17 **Protokoll fra møte i Arbeidsmiljøutvalet, 12.9.2017.**
- RS 16/17 **Rapport etter tilsyn – Kommunal beredskapsplikt Aukra kommune, (2 avvik og 3 merknader), Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 13.6.2017.**
Kontrollutvalet fekk i møte utdelt Aukra kommune sitt svar til fylkesmannen, datert 6.7.2017, samt fylkesmannen sitt brev datert 31.7.2017 om avslutning av tilsyn med kommunal beredskapsplikt.

Orienteringssaker:

- OS 17/17 **Korleis fungere Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Aukra kommune**
Kontrollutvalet hadde bedt om å få ei oppdatering i dagens møte, der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.
Ordførar Bernhard Risksfjord, fungerande rådmann Geir Göncz, personalkonsulent Ingunn Misund, hovudverneombod Mette Gjerde Helset, medlem i AMU Sissel Garseth, medlem i AMU Geir Dagfinn Varhaugvik, samt tidlegare leiar i AMU Oddny Sporsheim, deltok i møte under orienteringa.
Rådmannen hadde ikkje høve til å møte, men hadde sendt utvalet eit notat datert 19.9.2017. Notatet var sendt ut saman med møtedokumenta.

Ordførar Bernhard Risksfjord innleia med å beklage at det ikkje hadde vore halde møter i AMU i 2016.

Sidan bakgrunnen for at saka vart tatt opp av kontrollutvalet (Sak 15/17 i møte 03.05.17, *sekretær sin referanse*), var at utvalet hadde fått signal på at tilsette har slutta/ønskjer å slutte, grunna arbeidsmiljøutfordringar i nokre delar av kommunen, så valde ordførar å fokusere på det. Ordførar viste til at det var Aukraheimen som hadde desse utfordringane.

Ordførar opplyste at han som ordførar har hatt møter med mange personar, samt at politikarane i kommunestyret har hatt mange orienteringar etter at det vart bestemt at nytt omsorgssenter skulle byggast. Politikarane er soleis godt orientert om situasjonen, seier ordførar. Arbeidet med ny arbeidstidsordning har vore eit samarbeidsprosjekt mellom leing, tillitsvalde, verneombod og politikarar. Ordførar nemner mange orienteringar til kommunestyret; I kommunestyret 15.11.16 vart det gjeve orientering om Institusjonsteneste Aukraheimen: Tilsyn - avvik, Fylkesmannen. I kommunestyremøte 7.2.2017 vart det gjeve orientering om Aukraheimen/institusjonstenesta/eventuelle omstillingar/turnus m.m. I kommunestyremøte 14.3.2017 vart det gjeve orientering om Medarbeidarundersøking – institusjonstenesta – turnus. I kommunestyremøte 25.4.2017 vart det orientert om Aukraheimen – institusjonstenesta – omstilling – turnus. I tillegg så nemner ordførar dialogmøte mellom kommunestyre og administrasjonen 6.9.2016. Ordførar opplyser at dei tilsette har hatt mange møter/opplæringsdagar og drøfting i prosessen med innføring av ny turnus. Det vart sendt ein søknad om godkjenning til fagforbunda sentralt 20.12.2016. Søknaden vart godkjent som ei prøveordning i eitt år frå februar 2017.

Ordførar legg vekt på at dette er noko som kommunestyret ønskjer å gjennomføre, for å vere godt budd til det nye omsorgssenteret står ferdig.
Det er også nødvendig for å lukke avvika frå fylkesmannen.

Fungerande rådmann Geir Göncz, seier at leiinga har tatt grep for å få AMU til å fungere.

Göncz nemner også at hovduttillitsvald og hovudverneombod i tillegg deltar i rådmannen sine leiarmøte. Geir Göncz viser til rådmannen sitt notat, der det kjem fram at det ikkje er dokumentasjon for at nokon har slutta grunna arbeidsmiljøutfordringar. Dersom det kjem fram dokumentasjon, så pliktar kommunen å ta tak i det som kjem fram.

Det kjem også fram i orienteringa at det ikkje finns hovudtillitsvalt i dag, sidan Jan Magne Breivik trakk seg og slutta ved nyttår.

Göncz opplyser at 10-faktor undersøkinga som er gjennomført i kommunen, er ei medarbeidarundersøking utforma av KS. Her er det også spørsmål knytt til arbeidsmiljø. Administrasjonsutvalet følgjer opp denne undersøkinga.

Bedriftshelsetenesta er i tillegg i gang med gjennomføring av ein medarbeidarundersøking på Aukraheimen. Personalkonsulent Ingunn Misund opplyser at det er bedriftshelsetenesta som står for gjennomføring og leing av undersøkinga. Administrasjonsutvalet har godkjent plan for gjennomføring.

Geir Dagfinn Varhaugvik opplyser at verneombod og plasstillitsvalte ved Aukraheimen trekte seg i prosessen med ny turnus, dei tilsette mista då sitt talerøyr inn i prosessen.

Siste utveg er no at rådmann må utpeike nytt verneombod, då det er eit krav om at det skal vere verneombod.

Utvalsleiar Oddvar Hoksnes spør om kommunen har varslingsrutinar og rutinar for avviksrapportering.

Misund opplyser at det er rutinar for både varsling og avviksrapportering. Det kan varslast både på papir og elektronisk i Compilo. Det kan også varslast anonymt. Det er ein eigen avviksmodul i Compilo, og det kan også meldlast avvik knytt til arbeidsmiljø.

Tidlegare leiar i AMU, Oddny Sporsheim seier at det har vore stor motstand mot langvakter på 14 timar ved Aukraheimen. Dette har ho forståing for, då dei tilsett der har svært krevjande arbeidsdagar med mange demente. Ved Bergtun fungerer dette bra, men dei har ein heilt anna arbeidssituasjon.

Sporsheim seier at når det er utfordringar, så er det viktig at det vert teke fatt i desse på lågas moglege nivå. Det vil seie; plasstillitsvalde, verneombod og leing på den enkelte arbeidsplass.

Ho seier at dei tilbakemeldingane ho har fått frå dei tilsett er at dei gleder seg til å flytt inn i nytt bygg, men dei er misnøgde med turnusen.

Misund seier at dei prøver å lyse ut 100 % stillingar når det vert lyst ut fast stillingar.

Sissel Garseth seier at det er forståing for at det vert forsøkt ei ordning med langvakter, både for å ha nok fagfolk på alle vakter, og for at brukarane skal sleppe å forhalde seg til mange personar. Men desse lange vaktene gjev utfordringar for mange familiar. Det er viktig at det vert lagt til rette for tilsette, det er krav til tilrettelegging både i arbeidsmiljølova og IA-avtalen. Det er viktig med tilrettelegging for å behalde kompetanse, seier Garseth.

Ordninga med lange vakter skal evaluerast etter 1 år. Forbunda har godkjent turnusen sentralt, med ein dispensasjon. Misund seier at det er viktig at KS og fagforbunda sentralt blir einige om rammene for heiltidskultur. Kommunen har ei tilretteleggingsplikt, men det er også ei medverkingsplikt for dei tilsette. I nokre tilfeller så må ein forsone seg med vedtak ein ikkje er einig.

Håkon Inge Sporsheim stiller spørsmål om dette hadde vore annleis dersom AMU hadde vore aktivt, og ein hadde hatt eit overordna fora å diskutere utfordringane i? Ordførar seier han trur ikkje nokre møter i AMU hadde gjort noko forskjell, då det har vore stor møteaktivitet.

Nestleiar Ole Rakvåg trekker fram rådmannen sitt notat, der rådmannen ynskjer seg «framoverlente» tillitsvalde som arbeider for eit godt arbeidsmiljø og ei god samhandling med einingane. Dette oppfatar han som ein invitasjon frå rådmannen.

Utvalet synes det er viktig å få opp i dagen utfordringane og at partane set seg ned saman og tek tak i desse.

Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.

OS 18/17 **Utkast til Oppdragsavtale mellom kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon IKS**

Utkast til ein oppdragsavtale vert utdelt i møte og det vert høve for utvalet å kome med innspel. Kontrollutvalet vil truleg få avtalen til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

Utkastet er unnateke offentlege med heimel i Offl. § 13 jf. Fvl. §13, 1.ledd nr.2.

OS 19/17 **Barnevernstenester**

Kontrollutvalet hadde til dette møtet bedt om ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune. Dette er ei sak som står på kontrollutvalet si oppfølgingsliste (sak 30/17).

Yngve Cappelen, leiar av Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide orienterte kontrollutvalet.

Cappelen er einingsleiar for tenesta, og har ansvar for økonomi, personal og utvikling av tenesta. I tillegg så er det tilsett ein barnevernsleiar som har fagansvar.

Cappelen seier at fristbrot er eit tydeleg barometer på kvalitet som vert publisert i KOSTRA. Tenesta har over tid ligge høgt på denne målinga. Dei har eit stort fokus på å få ned fristbrota. I 2. tertial 2017 er det ingen fristbrot i samtlege fire kommunar. 1. termin 2017 var det tre saker med fristbrot.

Barnevernstenesta har i 2017 mottatt 27 bekymringsmeldingar knytt til born i Aukra kommune, og starta undersøkingar i 28 saker (også knytt til meldingar som kom i 2016). Totalt har tenesta mottatt 223 bekymringsmeldingar som har ført til 204 undersøkingar.

Cappelen nemner følgjande tiltak som er satt i gang for å få ned fristbrota:

- Innleie av eksterne konsulentar
- Saksmøter – med fokus på fristar og rapportering (kvar 14. dag)
- Mottaksmøter
- Fokus på fristar i leiarmøta

Dette er no eit etablert fokus, seier Cappelen. Tenesta kan då også rette fokus på evaluering av tiltak. Tiltak knytt til eit barn skal evaluerast minimum to gonger i året, seier han.

Når det gjeld tiltak for å få kontroll på økonomien, så opplyser Cappelen at det vert kutta i innleie av konsulentar i 2. tertial. Dette kan ein gjere fordi ein har fått fleire av dei fast tilsette på plass og ein har mindre sjukemeldingar. Det har vore fokus på å få ned sjukefråveret. Dette har ein gjort både med fokus på arbeidsmiljø og ved tettare oppfølging av sjukemeldte.

Einingsleiar Yngve Cappelen, seier at tilsetjing av barnevernsleiar har vore eit veldig positivt bidrag både fagleg og i forhold til trivsel i tenesta.

Cappelen opplyser at dei har hatt fokus på vold og truslar mot tilsette. Dagen før ei planlagt samling om temaet, så fekk dei også varsel om at det skal gjennomførast tilsyn frå Arbeidstilsynet omkring temaet vold og truslar.

På spørsmål frå utvalet om det er nokon som har kontorstad i Aukra kommune, så opplyser Cappelen at alle dei tilsette har arbeidsplass i Molde. Dei har eit tilgjengeleg møterom i Aukra kommune. Det betyr at dei som skal ha møter med barnevernstenesta, får tilbod om å gjennomføre møtet i Aukra.

Når det gjeld organisering av dei tilsette, så vert det opplyst at dei er organisert i team etter alder: Småbarn – Barn –Ungdom.

Fordeling av saker vert gjort i forhold til dette, samt omsyn til kapasitet og relasjon til det enkelte barn/familie. På denne måten unngår ein at barn/familiar får hyppig skifte av kontaktperson.

Tenesta har ei veke på seg til å vurder ei bekymringsmelding. Det skal svært mykje til for at ei sak ikkje vert undersøkt, men henleggingsprosenten høg (på landsbasis).

Dersom det kjem bekymringsmeldingar frå skule, barnehage og helsestasjonar (offentlege meldarar), så skal barnevernstenesta gje tilbakemelding til meldar om saka er henlagt eller ikkje.

Det vert gjennomført samarbeidsmøter med skule, barnehage og helsestasjon i kommunen. Det er Gunn Nakken som er kontaktperson for kommunen.

På landsbasis så kjem det flest bekymringsmeldingar frå politiet, men det har vore ei nedgang i desse. Cappelen seier at deira teneste også har hatt ei nedgang i meldingar frå politiet. Dette vurderer han både kan skuldast oppretting av barnevernsvakt og omstrukturering av politiet.

Når det gjeld auke i kostnader for barnevernet i Aukra, så har dette samanheng i auke i saker og auke i tyngre saker.

22 saker med tiltak i 2015

38 saker med tiltak i 2016

Etablering i tiltak for mindreårige asylsøkjjarar har ført til auke i tal saker, men er ikkje årsak til auke i økonomiske kostnader.

Cappelen orienterte utvalet om talet på tyngre saker, men sidan tala er så små, så vart det bedt om at den delen vart gitt utan offentlegheit og møte lukka.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak om å luke møte jf. offentleglova § 31 og forvaltningslova § 13, i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Når Cappelen var ferdig å informere om dette var møtet opna att.

Når det gjelder økonomisk prognose for året, så er den noko betre enn det ein frykta etter 1. tertial.

Cappelen opplyste også utvalet om erfaringar med barnevernvaktordninga.

Vaktordninga skal evaluerast i løpet av januar. Ein har måtta gjere nokre justeringar undervegs mellom passive og aktive vakter.

Cappelen svarte på spørsmål frå kontrollutvalet undervegs i orienteringa. Utvalet takket Yngve Cappelen for ei grundig orientering.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2017 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Dagleg leiar i Møre og Romsdal Revisjon IKS Veslemøy Ellinggard, presenterte revisjonsplanen på skjerm for utvalsmedlemmene.

Oppdragsansvarlig Revisor Ronny Rishaug var forhindra for å møte i dagens møte.

Ellinggard svarte på spørsmål frå utvalsmedlemmene underveis i presentasjonen, og medlemmene kom med innspel til revisor.

Det vart bedt om at presentasjonen vart sendt utvalet etter møte. Dette vil bli gjort, men Ellinggard gjere merksam på at presentasjonen ikkje er offentleg jf. Offl. § 13 jf. Fvl. §13, 1.ledd nr.2.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 26/17	PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «OFFENTLIGE ANSKAFFELSER I AUKRA KOMMUNE»
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet godkjenner den framlagte prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet ”offentlige anskaffelser i Aukra kommune” med dei merknader og tilføyingar som måtte framkome i møtet. Prosjektplanen dannar grunnlag for gjennomføring av prosjektet.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet hadde ei grundig vurdering om revisor sin oppfatning av bestillinga var i tråd med det utvalet hadde ønske om å få belyst ved val og bestilling av prosjekt.

Utvalet ser på grensesnittet mellom dei innkjøpa som kommunen gjer sjølv og dei rammeavtalane som ROR Innkjøp inngår, som eit risikoområde. Utvalet ønskjer difor at revisor også fangar opp dette grensesnittet i undersøkinga.

Det er også viktig å fange opp om det manglar rammeavtalar og om avtalar er utgått.

Utvalet føreslår også å endre problemstilling nr 3 slik

- *Bruker Aukra kommune inngåtte rammeavtaler, herunder også avtaler inngått av ROR IKT?*

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 27/17	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT PR. 31.08.17
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport pr. 31.08.17 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Økonomisjef Erna Varhaugvik var tilstades i møte og orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet sine medlemmer.

Varhaugvik informerte om hovudtala, årsaka til meirforbruk i dei einingane som har det, samt endringar i investeringsrekneskapen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 28/17	BUDSJETTFORSLAG FOR 2018 FOR KONTROLL OG TILSYN
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018 med ei ramme på kr 563 500.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Det vert teke atterhald om justering av beløp til kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær presenterte kort endringane i forhold til fjorårets budsjett. Utvalet hadde ikkje forslag til endringa av sekretariatet sitt framlegg til budsjett.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 29/17	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet godkjenner Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019, med dei endringar som kom fram i møte.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet sa seg einig i planen sitt innhald

Utvalet diskuterte om kontrollutvalet kunne fordele ansvar blant medlemmene for å følgje med på saklister og møtebøker i dei andre utvala. Dette for å fange opp saker som er relevante for utvalet. Utvalet konkluderte med følgjande ansvarsfordeling:

- Saker frå Livsløpsutvalet- Ole Rakvåg
- Saker frå drift- og arealutvalet – Håkon Inge Sporsheim

Dette blir då lagt inn i plana pkt. 4.1. Tilsyn med forvaltninga

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av formannskapet, kommunestyret, drift og arealutvalet, livsløps-utvalet og andre politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å følgje opp at administrasjonen sett i verk og gjennomfører dei vedtak som er vedteke av dei ulike politiske organ.

27.09.17: Utvalsmedlemmene hadde før møtet fått ettersendt liste med statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval.

Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

27.09.17: Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.

Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

27.09.17: Utvalet fekk ei statusoppdatering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17.

Kontrollutvalet si handsaming

Det vart i møte orientert knytt til følgjande saker på oppfølgingslista

- **Arbeidsmiljøutvalet** (Sjå protokoll OS 17/17)
- **Barnevernstenester** (Sjå protokoll OS 19/17)
- **Oppfølging av politiske vedtak**

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Henvending om arbeidsmiljøet ved Aukraheimen

Henvendinga er halde u.off. jf. off.lov § 13, arbeidsmiljølova § 2A-4. Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak om å lukke møte jf. offentleglova § 31, i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Kontrollutvalet si behandling

Kontrollutvalet hadde ein grundig diskusjon om innhaldet i henvendinga.

Konklusjon

Utvalet tek saka alvorleg og vil følgje med på situasjonen vidare.

Det er gjort vedtak i Administrasjonsutvalet om at det skal gjennomførast ei arbeidsmiljøkartlegging ved Aukraheimen. Kartlegginga skal gjennomførast av ekstern instans; Bedrifthelsetenesta. Utvalet vil følgje med på utfallet av denne kartlegginga.

Turnusordninga er godkjent av fagforeiningane sentralt med ein dispensasjon for eitt år. Det er opplyst at ordninga då skal evaluerast. Utvalet vil også følgje med på evaluering av turnusordninga.

Utvalet oppmodar om at tillitsmannsapparatet i kommunen forsøker å finne løysing på utfordringane gjennom ordinære kanalar.

Mobbing – Elevane sitt arbeidsmiljø

Leiar Oddvar Hoksnes tok opp spørsmål om det var behov for at kontrollutvalet følgjer opp nærare kommunen sitt arbeid med elevane sitt arbeidsmiljø, i lys av rettsaka som var avslutta i sommar.

Kontrollutvalet si behandling

Utvalet diskuterte innspelet. Varamedlem Jørgen Svenheim som sjølv har barn i skulen, opplyser at det i haust har vore stort fokus på dette frå skolane si side og også frå fylkesmannen. Dette kjem som følge av at opplæringlova har fått innskjerpa reglar.

Konklusjon

Utvalet vurderer at det på noverande tidspunkt ikkje er behov for noko nærare oppfølging av området frå kontrollutvalet si side.

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Jørgen Svenheim
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær